

# Informasjon om individuell plan til deg som skal delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap og til deg som skal delta i introduksjonsprogram

Du og kommunen skal saman lage ein individuell plan for deg som skal delta på opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og for deg som skal delta i introduksjonsprogram.

Den individuelle planen er ein samarbeidsavtale mellom deg og kommunen om opplæringa di.

Din individuelle plan er eit einskildvedtak, og eit juridisk dokument.

Opplæringa i samfunnskunnskap skal gje deg informasjon om rettar, plikter, mogleheter og sentrale verdiar i det norske samfunnet.

Målet med opplæringa er at du så raskt som mogleg skal kome i arbeid eller utdanning slik at du kan verte økonomisk sjølvstendig og delta aktivt i det norske samfunnet.

## Om den individuelle planen

Opplæringa skal vere individuelt tilpassa og basert på kartlegging av utdanninga di, arbeidserfaring, kompetanse relatert til arbeidsliv, og annan relevant informasjon som har betydning for kvalifiseringsplanen din.

Din individuelle plan skal utarbeidast basert på resultat frå kartlegginga og dine behov. Dine mål for opplæring skal settast på bakgrunn av resultata frå kartlegginga.

Den individuelle planen skal oppgje konkrete mål for opplæringa, tidsramma for å nå måla, tal på timer som du får tildelt, samt når og kvar opplæringa skal finne stad. Din individuelle plan skal utarbeidast i samarbeid med deg.

Dersom du har sosiale eller helsemessige utfordringar som kan påvirke di deltaking i opplæringa, bør dette også kartleggast.

For at du skal kunne oppnå ønska nivå, skal opplæringa vere målretta frå start. På den måten vil du få best mogleg resultat. Opplæringa må tilpassast din livssituasjon og organiserast slik at du kan delta sjølv om du har omsorgsansvar for små barn og/eller dersom du har ein jobb. Din individuelle plan skal vere tilpassa dine faglege og praktiske behov.

Kommunen har plikt til å tilby opplæring opp til nivå B2 dersom dette nivået kan nåast innanfor dei pliktfesta 600 timane, og opp til nivå B1 dersom dette nivået kan nåast innan den totale ramma på 3000 timer.

Underveis i opplæringa skal kommunen gjennomføre samtalar med deg om korleis din individuelle plan fungerer. Dersom det er behov skal planen endrast, til dømes ved store endringar i livssituasjonen din. Ved store og viktige endringar i innhaldet i din individuelle plan, kan de lage ein heilt ny plan.

Dersom du ikkje følgjer din individuelle plan, eller du ønskjer å endre planen din, må du så raskt som mogleg ta kontakt med din kontaktperson.

## Ønskjer du å klage på din individuelle plan?

Du kan klage på både opplæringa og innhaldet i din individuelle plan. Om du i ettertid har fått ein ny individuell plan, kan du også klage på denne innan tre veker etter at du får beskjed om endringane. Dersom du vil klage må du:

- Levere ein klage innan tre veker frå du får beskjed om innhaldet i din individuelle plan
- Levere klagen til den instans i kommunen som har treft vedtak om din individuelle plan
- Skrive hva du klagar på
- Du må signere klagen

Ein fullmektig kan også klage på dine vegne. For at nokon skal kunne oppstre som din fullmektig og skrive ein klage for deg, må du ha gjeve personen skriftleg fullmakt til dette. Ein fullmakt må greie ut om kva din fullmektig kan gjere på dine vegne. Dersom du har ein advokat trengst ikkje fullmakt.

## Er du deltar i introduksjonsprogram?

Dersom du er deltar i introduksjonsprogram, er den individuelle planen for norskopplæringa ein del av den individuelle planen for introduksjonsprogrammet.

Meir informasjon om opplæring i norsk og samfunnskunnskap og individuell plan kan du finne i introduksjonslova. Lova med rundskriv finn du på [www.imdi.no](http://www.imdi.no) og på Kompetanse Norge sine nettsider.

Lukke til med opplæringa!